

## Det nye i norderlendsk historie kringom år 1300<sup>1</sup>.

Frå eit lite tiår i slutten på 13de hundreåre har vi eitt aktstykke frå kvart av dei tri norderlendske kongerika som i ein bråblenk syner oss koss feudalismen, lensskipnaden, har fått rådvelde i alle tri rika. Frå Noreg er det hirdskrå'a som kong Magnus Lagaböte ferda ut i 1273 eller eitt av dei næste åra. Frå Sverige er det Alsnö-stadgan frå åre 1279, utferda av kong Magnus Ladulås. Og frå Danmark handfestninga åt kong Erik Klipping frå åre 1282.

Tidfylgja åt desse aktstykkka står i omvendt tilhøve til den framgangen for feudalismen dei bør vitne om. I feudal vokster var det på den tida Danmark som hadde kome lengst, og Noreg stuttast. Handfestninga åt Erik Klipping<sup>2</sup>, den som med full rett har vorte kalla »Danmarks Magna Carta», syner oss ei adelsmakt som alt stig opp i breidd med kongsmakta: kongen må binde seg til å kalle i hop riksens »beste menner» til parlament eller »hof» kvart einaste år; og han må gi avkall på all sjølstendig eller vilkårleg lovgivingsmakt. Den svenske Alsnö-stadgan<sup>3</sup> gir »frølse» eller skattefridom åt jordegodse åt kongsmenner og alle som gjer våpenteneste med hest: det er det økonomiske grunnlage for den nye adelsklassa. Den norske hirdskrå'a<sup>4</sup> syner oss ei kongsmakt som er i full gang med å bygge opp ei feudal landsstyring.

Ingen har kunna vere i tvil om det feudale innhalde i dei to rettarbrevva frå Danmark og Sverige. Den norske

<sup>1</sup> Foredrag på det norderlendske historikarmöte i Helsingfors 7. juli 1931.

<sup>2</sup> Aarsb. fra Geheimearch. II 5—9.

<sup>3</sup> Dipl. Svec. I 650—54.

<sup>4</sup> NgL. II 391—450.

styringslova derimot har jamt vorte teken som eit vitnemål om ei sterk, snarast einveldig kongsmakt, og difor er det turvande å peike ut serskilt det feudale grunn-emne i ho. Når vi på annan måte veit at det gamle ålmenne folke-oppbøde, leidangen, fram igjenom 13de hundreåre meir og meir hadde vorte til rein skatte-avgift, da skjønner vi betre kor innhalds-dryg ho er, den forskrifta som vi möter i hirdskrå'a og som vart vedteken på to hovdingmöte eller parlament nett i åre 1273, — forskrifta om kor mange mann kvar einaste kongeleg lensmann i lande skal halde til hæteneste hos kongen. Det er feudal-hæren som avlöyser folke-hæren. Sjølve ombode for kongen blir alt i hirdskrå'a kalla med det tyske orde »len», og dei kongelege syslemenne vart i 14de hundreåre kalla lensmenn, uta noko skifte i embete var gjort. Skatte-fridomen for godse åt lensmennene kom fyrst smått om senn; vi ser at kongen i 1311 freista sette grenser for denne fridomen<sup>1</sup>. Men det er tydeleg nok, at den teneste-adelen som hadde vore i stendig framvokster ifrå andre helvta av 12te hundreåre, no med hirdskrå'a frå 1273 fikk rome sitt stadfest i all statsstyringa. Lovboka slo greitt fast at kongen skulde halde seg til »råd av gode menn» i lovböting og all anna styring, og desse »gode mennene» det var nett hovdingane i lande, i Noreg likso vel som i Danmark, — det ser vi klarast av sjölve dei kongelege forordningane som vart utferda utigjenom 13de hundreåre.

Alle har vore på det reine med at Noreg vart sterkt feudalisert i 14de hundreåre; men tanken har helst vore den, at denne feudalismen kom inn da utafrå, i lag med unionane med Sverike og Danmark. Eg har vilja peike på at det var ein feudal framvokster i gang i Noreg lenge före desse unionane, og att sigeren for feudalismen er berrsynt i den norske hirdskrå'a frå 1273. Så vi torer segje at frå slutten av 13de hundreåre är det denne styringsskipnaden som har vunne overtake i alle dei tri norderlendske rika. Berre Island vart ståande utafor, endefram for di der aldri vart bruk

---

<sup>1</sup> NgL. III 90—91.

for ein militær skipnad; Island er kanskje det einaste lande i verdshistoria som aldri har havt ein hær, og feudalismen har grunnlage sitt i militære styringskrav.

Når granskarane så vanskeleg har fått syn for det feudale grunn-emne i den norske statsvoksteren i 13de hundre-åre, så er det mykje for di dei har set feudalismen i motsetning til den sterke kongsmakta. Men dei har da uvilkårleg ført over på ei eldre tid den striden som dei kjenner så vel ifrå seinare vilkår. I røynda fans det frå fyrsten inga slik motsetning. Tvert imot — det var kongedöme som grunnla' feudalskipnaden. Etter kvart som kongen voks fram ifrå ein rein hærkonge til ein riksstyrar med vidare maktkrav, måtte han sjölv bygge opp ein feudal riksskipnad. Ækonomiske vilkår — det natural-hushalde som rådde i samfundslive — gav han ikkje anna val. Han kunde ikkje samle alt hos seg, korkje avgifter eller styring; tvert imot, han måtte la ombodsmennene sine ta både avgifter og styring, gjere dei til lénsmenn.

I staden for å feste tanken på motsetninga mellom konge og lénsmenn, skulde ein heller ta mark på vokster-samanhengen. For den historiske sanninga er at feudalismen var ein freistnad på ny riksskipnad, sterkare enn den som fans för, og han kom nett for di kongedöme heldt på å bli ei sann statsmakt. Så sterk ein riksstyrar som Karl den Store var nett ein av dei som aller mest fremma den feudale voksteren i landa sine. Og den som for ålvor feudaliserte England, det var den sterkaste kongen lande til da hadde havt, — Vilhelm Landvinnaren. Det er difor ingen ting unaturleg i at det var eit nytt og sterkt kongedöme som grunnla' feudalismen i norderlanda, — Valdemar'ane i Danmark, Folkungane i Sverige, Sverre-ætta i Noreg.

Motsetninga kom fyrst opp når kongen og lénsmennene kvar på sin kant voks fram til nye maktkrav, — når lénsmennene samla seg til ei adelsklasse som vilde reise sjölstendige stats-institusjonar i breidd med kongedöme, og når kongen fikk nytt grunnlag for ei meir centralisert riksstyring. Da kunde og måtte det bli tevling mellom dei som för var sambundne.

I dei norderlendske rika möter vi denne tevlinga straks i slutten av 13de hundreåre. Fyrst i Danmark: handfestninga åt Erik Klipping i 1282 var nett eit utslag av den nye striden. Snart etter har vi same striden i Sverike. Til slutt i Noreg med.

Båe partane hadde fått ny styrke av voksteren i samfund og stat. Men mea lénsmanns-klassa henta sin styrke av sjölve den feudalskipnaden ho var rotfest i, så var det nye vilkår som bar kongedöme fram til nye krav. Det natural-hushalde som var föresetninga for den feudale decentraliseringa, vart nett i 13de hundreåre meir og meir gjennombrøte av eit handelsliv som skapte nye samfundsmakter, — tidlegast i Danmark, sia i Sverike og i Noreg. Det var dei nye tyske byane langs med Østersjøen som gjorde det store skifte; dei slo tak i sildefiske utafor Skåne, i gruvedrifta i Dalarne, i skrei-utførsla frå Bergen; dei drog både Danmark, Sverike og Noreg innunder kapitalmakta si og ut i stor verds-handel, og dei gjorde dei norderlendske byane til levande makter i kvar sine heimland. Det tok tid för det voks fram eit heimleg borgarstand som kunde krevje sjölstendigt rom i statslive; noko slikt finn vi i röynda ikkje före 15de hundreåre. Men sjölve handelslive gav kongane ny makt, og ny gjerning i staten. Tollen på inn- og utførsel styrkte dei med nye inntekter, reine pengeinntekter, og alt i 13de hundreåre ser vi ein ny politikk som stig fram: kongane tek til å gjere handelstraktatar med dei framande byane, og dei må til å regulere handelen i sine eigne byar. Staten blir ikkje lenger så einsidigt berre ein militærstat; økonomiske krav trenger seg sterkare og sterkare fram, og kongen blir det naturlege samlingsorgane for den nye framstemna.

Såleis kunde det bli vilkår for tevling og strid mellom dei to verdslege statsmaktene, kongen og adelen. Og striden kom i alle tri rika. Aller fyrst i Danmark. Der kann vi sjå teikn til han alt ifrå midten av 13de hundreåre, under sönene til kong Valdemar Siger. Det som i den tida kom sterkast i dagen, var elles motsetninga mellom kongsmakt og kyrkemakt. Det var ein strid som lettare kunde få prin-

sipiell form og kvesse seg hardt dramatisk til, beint fram for di kyrkja såg krava og formåla sine mykje klarare enn andre samfundsmakter, og for den skuld fanga denne striden hovud-interessa både hos samtid og hos ettertid. Men det bør ikkje bli gløymt at mykje i sjølve kyrkestriden hadde reint feudalt innhald: usemja galdt ml. a. slikt som den verdslege domsmakta i lene åt erkebispnen, spørsmål om retten til å ta toll, og spørsmål om leidangsfridom for »menene» åt erkebispnen. Difor var det heilt naturleg at erkebispnen fikk stönad av store verdslege lénsmenn, og det vart samstundes strid om maktskifte mellom konge og hertog i det største danske lene, hertogdöme Slesvig. Erik Klipping tok heile denne striden i arv da han vart konge i 1259, og i hans tid kom motsetninga til den verdslege feudalmakta kvassare og meir ålment fram. Han vart nöydd til å gi avkall på både politiske og ökonomiske rettar i lena til föremon for »herremennene», og til slutt måtte han ferde ut handfestninga av 1282, den som gjorde herremanns-möte, danehoffe, til fast og regelrett led i riksstyringa. Men det var ikkje godviljukt han gikk med på alt dette, og han freista skape sin eigen kongelege hær til motvekt imot adelshæren. Han stod midt i striden da han vart myrda i 1286.

Morde på Erik Klipping har stött vore rekna for eit politisk mord. Men i röynda har vi ikkje ringaste prov for at dette var så, og dei fleste av dei som vart dömde skyldige i morde, kunde legge fram ypparlege alibi-vitnemål. Hovudsaka er likevel at morde vart utnytta til politisk teneste: det lukkas for enkedronninga å få ei rekke av adelsförarane dömt utlæge, så dei måtte röme lande. Men denne domen (frå åre 1287) vart opphave til noko nytt i norderlendsk historie: eit samband mellom adelspartia i alle tri rika.

Igjenom halvt-anna hundreår hadde det hendt gong på gong at når det var indre strid — mellom parti eller kongsemne — i eitt av rika, så kom kongen i eitt av dei andre rika og la seg opp i striden til hjelp for ein av partane. Serleg hadde den danske kongen vore idig til å sette makta

si inn i borgarkrig i Noreg eller Sverige, og mange gonger kann ein ettervise at det var indre-politiske synsmåtar som avgjorde kva side inngreps-makta valde i striden. Helst er det kyrkepolitikk vi såleis finn merke etter i tilhöve mellom dei tri rika: kongane møtes i striden for eller mot kyrkemakta.

Men det som hendte no i slutten av 13de hundreåre, det hadde eit anna lag; det var adelsklassa i alle tri rika som tok til å samle seg i striden for si eiga klassemakt.

Dette innhalde i tilgangen vart slett ikkje klart med ein gong; berre smått om senn löyste det seg ut or det flokute nöste av strid og tingingar og ny strid som gikk for seg, og det kom meir som et utenkt resultat enn som ein planlagt politikk. For dei fleste granskarane har hendingane i denne tida tédd seg reint kaotisk. Eg trur likevel det er mogleg å finne ei framstemne som teiknar lina si fastare og fastare fram igjennom striden, og som — gjennom allslags vingel — fører fram til det som avgjer norderlendsk historie for dei neste hundreåra.

Da dei utlæge danske adelsmennene måtte ut or Danmark i 1287, römte dei til den norske kongen. Det kunde vere rimeleg nok, sia Noreg på den tida var i krig med Danmark. Men ser ein på årsaka til krigen, kann ein skjønne at det var meir som batt i hop. Den norske kongen hadde krav på land i Danmark etter mor si, den danske kongsdottera Ingeborg, og etter tjuge år med krav og tingingar hadde endeleg danehoffe i 1284 dömt at ho skulde få det godse ho hadde krav på. Denne domen var i röynda ein led i striden mellom kongsmakt og adelsmakt i Danmark; han hövde med den landkløyvinga som låg i den feudale tanken. Nett difor vilde ikkje Erik Klipping oppfylle domen, og så kom krigen. Dei fremste av dei utlæge hadde vore med og dömt for det norske krave, og når dei no tok til Noreg, var det berre det naturlege framhalde av adelspolitikken deira. Nett no, under dei unge sönene til Magnus Lagaböte, var det adels-hovdingane som sat med all styringa i Noreg, og dei feste med ein gong eit fast samband med dei utlæge danskane.

Krigen vart ikkje lenger berre ein ufred mellom dei to rika, men dessuta ein strid om makta i Danmark.

Endelykta vart ein siger for dei sambundne, og det er vel verdt å legge merke til dei oppgjerds-vilkåra som vart vedtekne i freden — i forma ei avtale om våpenstillstand — i 1295. Det er sjølsagt at dei norske rikshovdingane — kong Eirik og bror hans hertog Håkon — no skulde få dei danske ervelanda sine til fritt rådvælde. Og dei danske utlæge skulde få att alt ættegodse sitt og få leve fritt og fredleg i Danmark. Merkelegare er det at eit par slott som dei utlæge hadde vunne og reist i Danmark i krigsåra — Hjelm attmed Jylland og Hune Hals i Nord-Halland — skulde bli haldne den norske kongen til handar, og Nord-Halland vart i røynda verande eit norsk lén under ein av dei danske utlæge, om det så framleis vart rekna til Danmarks rike. Attpå måtte den danske kongen godta godskrav og maktkrav frå store danske lénsmenner som hadde gått imot han i krigen, serleg hertogen i Slesvig. Freden var såleis endefram ein siger for feudalmakta i Danmark.

Ingen av partane rekna freden for meir enn eit våpenstillstand, og serskilt den som hadde tapt, den danske kongen, Erik Menved, budde seg på å vinne att det tapte. Han òg søkte samband utalands, og han vendte seg til den svenske kongen, Birger Magnusson. Sambande fikk form i eit dobbel-giftarmål: kong Erik gifte seg i 1296 med syster til kong Birger, og Birger vart i 1298 gift med syster til Erik. Birger stod i same striden som Erik; eit adeleg riksråd hadde styrt for han sia han vart konge i barneåra (1290), og no som han vart myndig, galdt det for han å samle riksmakta på nytt under kongen. Her møtte han den største vansken i tilhøve til sine eigne brør, hertogane Erik og Valdemar, som han måtte gi store len å styre, og sjøl var han veik og vinglande, så han greidde ikkje fylgje ei fast line i politikken sin. Han vart ikkje mykje å lite på.

Åre 1302 kom til å bere fram ei svingning i den skandinaviske sambands-politikken og samstundes til å binde han fastare i hop med feudalspørsmåle. I det åre vart det halde

eit merkeleg møte på landegrensa i Götaelv, tett attmed Konghell på den norske sida. Ein kunde mest kalle det eit skandinavisk adelsmøte. Det kann vere truleg nok, det som P. A. Munch har gissa på<sup>1</sup>, at opphavsmannen til møte var fyrst Vitslav av Rügen, — han var tysk landsherre, men hadde store pantelén i Danmark, og var verfar til den nye norske kongen Håkon Magnusson. Møte skulde fyrst og fremst vere ei samkome mellom den norske og den svenske kongen; men baa to kom i fylgje med mange av dei beste mennene sine, og omfram fyrst Vitslav kom ifrå Danmark greiv Jakob av Nord-Halland, den fremste av dei som var dømt for kongsmorde. Han klaga på at dei gamle utlæge ikkje fikk retten sin hos den danske kongen, og møte slutta med at den svenske kongen lova vern og hjelp til desse utlæge.

Dermed gikk da kong Birger over på den andre sida i den skandinaviske striden, og sambande med kong Håkon vart fest på den måten at bror hans, hertog Erik, var trulova med den årsgamle dottera til Håkon, Ingebjörg. Sverike og Noreg tyktes stå sameint med feudalpartie i Danmark imot den danske kongen. Og föraren i den nye skandinaviske feudalpolitikken vart den unge svenske hertogen Erik Magnusson, helten i den fyrste svenske rimkrönika, ein mann som stod heilt utafor gamle rikstankar, berre hadde personlege makt-interesser i hugen. Det er alltid interesser av dette slage ein skal finne på botnen i feudalpolitikken; her er ikkje spørsmål om prinsipp eller idéar som i kyrkepolitikken, og her er ingen samlingstanke slik som det i minsto *kann* vere i kongspolitikken. Det er nett dette som så titt gjer linene uklare i brytinga mellom dei politiske maktene.

Kong Birger fikk snart merke at han hadde kasta luten sin på den urrette sida og gitt hjelp til dei som vilde minke hans eiga makt. Alt i 1304 var han i öpen strid med både hertog Erik og den andre bror sin, hertog Valdemar. No gjorde han på nytt samband med kong Erik av Danmark,

<sup>1</sup> NFH. IV 395—96.



verbror sin, me a dei to hertogane römte til kong Håkon i Noreg, og der kom den merkelege skipnaden i stand at den svenske hertog Erik fikk til lén hos kong Håkon fyrst den norske Elvesysla (sörluten av det som sia vart Båhus len) med Konghell slott og etterpå det danske Nord-Halland med Varberg slott. Det var det fyrste opptake til eit serskilt lite norsk-dansk-svensk rike som skulde bli så viktig ein led i den skandinaviske unionspolitikken. Feudalismen sprengte riksgrensene.

Bröte i Sverige förte ut i ålmenn norderlendsk krig, og berre reint utvendes kunde det sjå ut som ein krig mellom Noreg på den eine sida og Danmark-Sverige på den andre. Mykje meir sermerkt var det at den danske og den svenske kongen fikk imot seg förarane for feudalpolitikken i både Danmark og Sverige, den danske kongsbroren hertog Christoffer og den svenske kongsbroren hertog Erik. Og det var ikkje Noreg, men hertogane som vann krigen. Freden i 1308 klöyvde Sverige mellom kong Birger og brörne hans.

Men denne sigeren for hertogane må tydeleg ha skræmt kong Håkon i Noreg, så han skjönnte det sanne innhalde i striden. For no var det han som gjorde ein brå-snunad i politikken sin.

Ymse historieskrivarar i notida (serskilt P. A. Munch og Alexander Bugge) har skildra Håkon V Magnusson for oss som ein sterk og fylgjestreng riksstyrar, ein mann som med fast hand slo ned stormannsmakta i lande og bygde opp eit kongeleg einvelde. For min part trur eg at dette er mest så rangt som det kann vere<sup>1</sup>. Eg tvilar ikkje på at kong Håkon tenkte stort om kongedöme sitt, og at han i visse måtar freista ta etter föredöme til kong Filip IV i Frankrike. Det er klart nok og, at han sume tider freista slå slag imot lendmannsvelde i lande og ta styringa i eigne hender. Men det var just stöleik og fast plan det skorta på. Alle har sét at det var vingel i utariks-politikken hans. Men det er uråd å skilje utariks- frå innariks-politikk, i vissa i dette tilfelle

<sup>1</sup> Sjå stykke mitt om han i Norsk Biografisk Leksikon V 173—180 (1930).

da det var så mange indre vilkår som avgjorde tilhøve til grannelanda. Her fær vi fyrst samanheng når vi ser utariks- og innariks-historie i eitt.

Straks Håkon hadde fått melding om koss dei to svenske hertogane hadde nytta ut sigeren sin i Sverige, vendte han seg til den danske kongen og søkte venskap på den kanten. Det varte nokre månader før det nye sambande vart endeleg fest, og i mellomtida var det at kong Håkon ferda ut det merkelegaste aktstykke som han har sett namne sitt på, kanskje det mest omstridde dokumente i norsk historie, — den store rettarbota frå 17de juni 1308<sup>1</sup>.

Meininga med denne rettarbota har vore tolka på reint motsette måtar. Dei fleste (slike som P. A. Munch, J. E. Sars, Alexander Bugge) har rekna ho for sluttsteinen i arbeide med å bygge det kongelege einvelde og bryte det gamle ætteraristokratie. Andre (slike som Aschehoug og Yngvar Nielsen) har ikkje vilja legge så mykje i ho, om dei så meinte at ho ténte til styrk for kongsmakta. Men Yngvar Nielsen meinte dessuta at ho hjelpte til å fremme ein aristokratisk framvokster i den norske adelen, og den tyske rettsgranskaren Karl Lehmann<sup>2</sup> nådde jamvel fram til den endetanken at rettarbota i røynda grunnfeste den feudalstyringa som dei næraste ættfedrane til kong Håkon hadde teke til å skipe.

Eg trur at den utarikspolitiske situasjonen i 1308 gir oss den rette bakgrunnen for den indre-politikken vi möter i denne rettarbota. Likså vel som kong Håkon i dette åre snudde seg ifrå dei svenske hertogane og søkte venskap med kongane i Danmark og Sverige, likså vel slo han om i den indre styringa frå adelsvenleg til monarkisk politikk. Når ein les rettarbota frå 1308, kann ein ikkje godt vere i tvil om at ho er meint som eit slag imot adelsmakta. Ho er utferdta uta medverknad av Riksråde, ho viser til misbruk i landsstyringa som kongen ikkje hadde greidd hindre, ho kallar tilbake under kongen alle sysler (eller len) og alle gåvebrev på land, ho nemner opp nye embetsmenner i regjeringa,

<sup>1</sup> NgL. III 74—81 og 224—26.

<sup>2</sup> Abhandlungen zur german. Rechtsgeschichte, s. 214.

ho avlyser sjölve lendmanns-namne, ho fastsèt nøgje pliktene åt systemenner og lagmänner, og sèt straff for misbruk, ho föreskriv at tenestemenner under systemenner og lagmänner skal gjere eiden sin til kongen sjöl, ho skipar kongelege sendemenner til å ha tilsyn med all embetsstyringa, og ho krev at leidangs-hæren skal bli halden oppe. Det er ein kongeleg makt- og styrings-vilje som her gir seg ord.

Likevel vart ikkje denne byrge rettarbota sluttsteinen på eit stort byggverk, — fyrst og fremst for di det byggverke av kongeleg einvelde som så mange historieskrivarar har set i Noreg på den tida, berre er ei synkverving. Og riksvokstere gikk sin eigen veg uta omsyn til viljen i den kongelege rettarbota. Det er urimeleg å nekte at det kong Håkon vilde med ho, det var å sette kongsmakt i steden for adelsmakt. Men det er likså urimeleg å segje at han nådde viljen sin. Rettarbota frå 1308 vart berre eit slag i lufta. Etter som för var det adelsmakta som voks, både i centralstyringa og i lensstyringa, og forskriftene i rettarbota lét seg slett ikke gjennomføre. Dette gir forklaringa på det merkelege faktum — som i seg sjöl fortel ikkje så lite — at denne store og viktige rettarbota fins berre avskreven i ei einaste av alle dei norske lovsamlingane vi har ifrå midalderen. Ho kom ikkje til å bli varande lov i Noreg.

Den politikken som fikk form i rettarbota frå 1308, gav seg utslag både utariks og innariks. To månader etter var det at kong Håkon gjorde samband med den danske kongen Erik Menved, og i avtala mellom dei lova han dessuta dotter si, Ingebjörg, — den same som han i 1302 hadde trulova med hertog Erik, — til den unge sonen til kong Birger av Sverige. Såleis var alle dei tri norderlendske kongane sambundne. Og kven var det som stod imot dei? Det var fyrst og fremst dei to svenske hertogane med dei adelsmennene som fylgde dei, og dinæst ei rekke av dei fremste danske adelsmennene. Men dessuta høyrer vi at norske lendmänner og no slo lag med dei og reiste krig mot kongen sin. Greiare kann det vel ikkje bli sagt at no stod adelsmakt imot kongsmakt. Den norderlendske adelen tek for ålvor til å konsolidere seg.

Kongane var ikkje sers hepne i striden. Alle hadde dei fiendar heime i sitt eige land. I Sverige vart kong Birger i 1310 nöydd til å skifte rike med dei to brørne sine. Kong Håkon i Noreg streva enda eit par år med å døyve dei adelege lénsmennene i lande sitt. Men han greidde seg ikkje i krigen mot hertog Erik, og til slutt vart han nöydd til å gjere fred på det vilkåre at hertog Erik likevel skulde få dotter hans, me a hertog Valdemar skulde få dottera til den avlidne norske kongen Eirik Magnusson. Dobbeltbryllaupe stod i Oslo i 1312. Dette var det endelege nederlage for freistnaden at kong Håkon på å gjere seg til einveldig herre i rike, og etter den tid ser vi inkje tiltak ifrå han til å stagge adelsmakta. Han fylgde hertog Erik, og hertogen som sat med lén i både Danmark, Noreg og Sverige, var den sjølgjevne föraren for feudaltolitikken, den adelege klasse-egoismen, i alle tri norderlande.

Striden loga oppatt på nytt i Sverige i 1317, da kong Birger med svik fikk brørne sine fengsla og så lét dei døy i fengsle. Da vart det stort adels-opprør i lande. Erik Menved kom med hærmakt frå Danmark og skulde hjelpe den svenske kongen. Kong Håkon kom frå Noreg til hjelp for adelspartie. Det vart adelen som vann. Kong Birger måtte röme lande, og Erik Menved måtte gi opp saka hans.

Det kom som den naturgjevne utgangen på striden, da det vart kongsskifte i alle tri rika i åre 1319. Om våren døydde kong Håkon, og dotterson hans, son til hertog Erik i Sverige, vart teken til konge både i Noreg og Sverige. Sist på åre døydde Erik Menved i Danmark, den som stöast og striast hadde freista halde kongsmakta oppe.

I alle tri lande var kongsskifte ein siger for den feudale adelsmakta, sterkast stadfest med handfestninga for den nye danske kongen i 1320, men tydeleg framboren med det hovdingstyre som vart innsett i Sverige og Noreg.

Det nye som hadde vakse fram i den urolege mannsalderen som da var til endes, det var den adels-skandinavismen som no hadde vorte ei historisk livsmakt. Den feudale adelen hadde vorte grunnfest i riksstyringa i kvart eitt av dei tri rika i borgarkrig frå det 12te hundreåre. I innbyrdes krig

mellom rika kringom år 1300 hadde feudal-adelen samla seg meir og meir til strid for klassemakta si.

Eg trur at dette er eitt av dei aller viktigaste fakta i nor-derlendsk historie på den tida. Det er det som ligg under all unionspolitikken ifrå 14de til 16de hundreåre. Og det er det som forklarar den av-nasjonaliseringa som samstundes går for seg i alle tri norderlanda, men som serskilt blir så lagnads-tung for Noreg for di den norske adelen av naturlege grunner var så mykje veikare enn den danske og den svenske. Adels-skandinavismen gjorde det av med sjølstende for Noreg både i statsliv og kulturliv, og ein annan grunn til at denne skandinavismen kunde vinne så mykje sterkare makt i Noreg, var at det dèr varte så mykje lenger før det voks opp ei mektig borgarklasse. For deri låg avgrensinga for den nye skandinavismen, at han var strengt bunden til den feudale adelsklassa. Han voks fram i lag med den adelege klassereisinga, og han var ei frukt av den. Det var ei skandinavisk overklasse-samling som gikk for seg.

*Halvdan Koht.*